



Surnadal kommune

Helse og familie

Det kongelige Arbeidsdepartementet
Postboks 8019 Dep.
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref
2010/2500-1

Saksbehandlar
Gunn Brelesen

Dato
14.10.2010

NOU 2010:5 - Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering - et helhetlig hjelpemiddeltilbud

Surnadal kommune viser til NOU 2010:5 "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering", og ønskjer å gje følgjande uttale:

Surnadal kommune meiner retten til hjelpemiddel framleis skal ligge til folketrygdlova med eit statleg finansieringsansvar. Dette vil sikre menneske med funksjonshemmingar tilgang til hjelpemiddel på alle område i livet, med moglegheit til å leve eit sjølvstendig liv.

Dei økonomiske utfordringane i kommunane gir lite rom for nye omfattande oppgåver på dette området. Retten til hjelpemiddel må vere uavhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi.

Staten bør i staden betre formidlinga av hjelpemiddel ved å bidra til å styrke kommunane sitt tilbod om ergoterapitenester og rehabilitering samt styrke vaktmeisterntenesten for reparasjon av hjelpemiddel.

Med helsing

Gunhild Eidsli
Ass.rådmann

Kopi til:
Kommunestyret
Geir Vikan
Gunn Brelesen